



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval

Giske formannskap

Møtedato

17.06.2024

Saknr

084/24

Framlegg til alkoholpolitisk plan for Giske kommune for 2024 - 2028

Innstilling:

Giske formannskap gjer vedtak om at framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan for 2024 - 2028 blir lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar. Heimel: § 1-7d i lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.1989.

17.06.2024 Giske formannskap

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 084/24 Vedtak:

Giske formannskap gjer vedtak om at framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan for 2024 - 2028 blir lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar. Heimel: § 1-7d i lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.1989.

Vedlegg

Alkoholpolitiske retningslinjer for Giske kommune 2022-2028 - vedtak i kommunestyre
29.09.2022

Innleiing:

Alle kommunar skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkoholova § 1-7d. Giske kommunestyre vedtok i sak 59/2022 alkoholpolitiske retningslinjer for Giske kommune 2022 – 2028. Det er behov for ein revisjon.

Saksutgreiing:

Dei alkoholpolitiske retningslinjene til Giske kommune er utforma på grunnlag av gjeldande lover og forskrifter og gir dei alkoholpolitiske føringane som kommunen ønskjer på området. Den kommunale planen skal legge til rette for ein god og samlande alkoholpolitikk, og har som formål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan bidra til. Bevillingspolitikken skal bidra til å hindre at nye personar, fortrinnsvis ungdom, etablerer rusvaner som kan bidra til å utvikle misbruk. Samtidig ønsker kommunen å legge til rette for ein god og sunn bruk av alkoholpolitikken innanfor serveringsbransjen og dermed legge til rette for konkurranse på like vilkår for alle.

Tal på løyve:

Som eit ledd i kommunestyret sin måte å styre alkoholpolitikken i kommunen kan kommunestyre sette tak på tal på sals- og skjenkeløyve. I framlegg til plan er det ikkje lagt inn framlegg til det.

Endringar i framlegget i høve til gjeldande plan:

I tråd med alkohollova blir namnet endra frå alkoholpolitiske *retningslinjer* til alkoholpolitisk *handlingsplan* for Giske kommune. Alkohollova og alkoholforskrifta bruker ordet bevilling. Difor går vi over til å bruke *bevilling* i staden for *løyve* i den alkoholpolitiske planen for Giske kommune.

Alkoholhaldig drikk inndelt i grupper:

Tidlegare baserte systemet i alkohollova seg på ei inndeling av alkoholhaldig drikk etter alkoholtypene øl, vin og brennevin. Systemet blei i 2005 endra til å bygge på ei inndeling som baserer seg på alkoholinnholdet i drikken, målt i volumprosent. Dette betyr at alkoholholdig drikk med same alkoholinnhold likebehandlast. Omgrepet alkoholhaldig drikk gruppe, 1, 2 eller 3 skal nyttast.

Om vilkår knytt til sals- og skjenkeløyve:

Punkt 3.1 i gjeldande plan.

Planen er ikkje ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen. Punktet blir stroke.

Sterkøl:

Punkt 3.1.3 andre ledd i gjeldande plan.

Gjeldande plan har med punkt om at det ikkje skal innvilgast løyve til skjenking av sterkøl av edrskapsmessige omsyn. Denne grunngjevinga trur vi ikkje held, det er alkoholprosenten som avgjer kva gruppe alkoholhaldig drikk det skal innvilgast løyve for. Setninga er stroken.

Opningstider ved serveringsstadane:

Punkt 3.1.3 tredje ledd i gjeldande plan.

Giske kommune har i den gjeldande planen fastset opningstider ved serveringsstadar i kommunen og viser til serveringslova § 15. Kommunen kan fastsette opningstider ved å regulere dette i forskrift. Men då må forskrifta vere registrert i Lovdata. Kommunen har ikkje publisert dette i Lovdata, og dermed så gjeld ikkje opningstidene som kommunen har fastsett. Serveringsstadane i kommunen har difor høve til å halde ope heile døgnet. Kommunedirektøren trur at dette vil regulere seg sjølv ut frå kva kundegrunnlaget og ut frå tidspunkt på døgnet det er løyve til å servere alkoholhaldig drikk. Om det skjer ei ikkje forutsett hending kan det vere behov for at serveringsstadane kan halde ope ekstraordinært. Då bør ikkje det lokale lovverket vere til hinder for dette. Opningstider ved serveringsstadane treng difor ikkje regulerast i forskrift.

Tidspunkt for skjenking:

Punkt 3.1.4 i gjeldande plan.

I gjeldande plan er skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2 frå klokka 06:00 til klokka 02:00. Å starte skjenketida så tidleg er ikkje vanleg på andre skjenkestadar enn på flyplassar. Dette er ikkje endra i den nye planen, men det bør kanskje diskuterast om skjenkestadane andre stadar enn på flyplassen bør innskrenkast?

Driftskonsept:

Punkt 3.2 i gjeldande plan.

Kafé :

Punktet motseier seg sjølv. *Sitat frå gjeldande plan: «...Slike verksemder kan få skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til slutta lag, men det skal ikkje gis alminneleg skjenkeløyve. Vidare at kafear kan få alminneleg skjenkeløyve for øl og vin, og i samband med slutta selskap kan løyvet også omfatte brennevin.»* Skjenkeløyve til slutta lag kan ikkje bli gitt til anna en til slutta lag. Skjenkebevilling til kaféar og liknande skal vere fast skjenkebevilling, alternativt løyve til skjenking ved enkelt høve. Det kan ikkje bli gitt meir enn ei skjenkebevilling i same lokalet. Andre kaféar i kommunen har allereie fått skjenkebevilling. Med omsyn til likebehandlingsprinsippet bør kaféar bli vurdert på like vilkår som andre serveringsstadar. Det kan også vere vanskeleg å definere og skilje mellom dei ulike driftskonsept. At kaféane i nabokommunen har alkoholbevilling kan gje ulike konkurransevilkår.

Pubar og diskotek:

Setningane blir skrivne om. I staden for å legge vekt på kva aldersgrensene ved serveringsstadane er, blir fokuset på kva gruppe alkohol det blir gitt bevilling for og aldersgrensene blir deretter. Det vil då vere eit brot på vilkåret dersom nokon under 18 år får tilgjenge til lokale med skjenkeløyve for øl og vin, uavhengig om desse blir skjenkt alkohol eller ikkje. Det same gjeld for personar under 20 år på skjenkestader med brennevin. Punktet er sjølvstendig og treng ikkje stå i planen. Vi tek heller med denne setninga: Dei som ikkje har nådd aldersgrensene skal ikkje ha tilgang til skjenkestadane. Kva definere kommune som eit ungdomsarrangement? Er det eit arrangement som i hovudsak er retta mot personar yngre enn 20 år? Eller 18 år?

Campingplassar:

Punkt 3.3 i gjeldande plan.

I gjeldande retningslinjer er det ikkje opna for skjenkeløyve på campingplassar. Kommunedirektøren ser ikkje nokon grunn for at søknadar om skjenking i skjenkelokale på campingplassar ikkje skal bli vurdert på lik linje med tilsvarende søknadar for andre skjenkestadar. Punktet blir stroke.

Rusfrie arrangement:

Punkt 3.3 i gjeldande plan.

Planen lister opp arrangement der ein ikkje kan rekne med å få serveringsbevilling. Desse punkta må vurderast. Eit viktig budskap i planen bør vere at når det blir arrangert tilskipingar der ein stor del av målgruppa er barn, så må ein rekne med å få avslag på søknadane. I framlegg til ny plan er det lagt opp til at det skal vere eit skilje mellom arrangement der ein ikkje kan få skjenkebevilling og arrangement der det kan vere vanskeleg å få bevilling. Planen vil elles legge vekt på å skjerme mindreårige frå stader der det er alkoholservering.

Gjeldande plan motseier seg sjølv. I punktet for pubar og diskotek er det sett aldersgrense 20 år og 18 år. Derfor stryk vi setninga om at rusfrie arrangement bør ikkje lokalisast til skjenkestadene fordi det ikkje bør opparbeidast ei tilknytning mellom skjenkestadene og ungdom under 18 år. Aldersgrensene er ufråvikelege.

Gjeldande plan har med tekst om at kommunen må vere villig til å stille lokale til rådvelde, t.d. Giske kommunale idrettshall, Godøy idrettshall og Giske frivilligsentral. Idrettshallane er for det meste alt opptatte, men skulane kan stillast til rådvelde. Forslag om at skulane i staden for idrettshallane kan nyttast blir lagt inn i planen.

Universell utforming:

Punkt 3.6 siste ledd i gjeldande plan.

Hovudformålet i alkohollova er bidra til å avgrense tilgjenge og skadeverknadane av alkoholhaldig drikk. Spørsmålet blir då om kommunen kan stille krav om universell utforming kan vere eit vilkår for sals- eller skjenkebevilling sidan det er ikkje knytt opp mot formålet i alkohollova.

Norges Handikapforbund Trøndelag har retta spørsmål til Helsedirektoratet om krav til universell utforming av skjenkelokale ved tildeling av skjenkeløyve. Helsedirektoratet viser til at kommunane har stor fridom ved vurdering av søknader om sal- og skjenkebevillingar. Ifølgje alkohollova [§ 1-7a](#) kan kommunane til dømes vektlegge omsyn til staden sin karakter, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet for øvrig. Kommunane skal kunne stille krav om at offentleg rettslege krav som følgjer av andre lover, også at kravet om universell utforming, er oppfylt før bevilling blir gitt. Eventuelle brot på slike forutsetningar vil derimot ikkje gi grunnlag for reaksjonar.

Ut frå dette svaret kan vi tolke det som at Helsedirektoratet meiner at kommunen alltid kan stille krav om universell utforming for at søknadar skjenkebevilling blir imøtekome. Men etter at bevilling er gitt har kommunen ikkje høve til å tildele prikkar og inndra bevillinga dersom skjenkestaden ikkje seinare oppfyller kravet til universell utforming i bevillingsperioden.

Ved søknad om byggeløyve eller søknad om bruksendring stiller TEK 17 stiller krav til utforming av bygg. Men det kan bli etablert ein serverings- eller skjenkestad i eksisterande bygg der området i arealplanen alt er regulert til formålet, og det ikkje er naudsynt å søkje bruksendring.

Tema universell utforming er regulert i punkt 6.2 i framlegget til alkoholpolitisk handlingsplan.

Kontrollar:

Punkt 3.7.3 i gjeldande plan.

Kontrollen er delegert til kommunedirektøren, og inndraging av skjenkeløyve er delegert til formannskapet, jf. punkt 3.8.2 B i gjeldande alkoholpolitiske retningslinjer om delegering frå kommunestyret. Kommunen har avtale om med private selskap om kontrollar. Kontrollørane skal utarbeide skriftleg rapport som skal sendast til kommunen.

Reaksjonar på brot på alkohollova og anna relevant lovverk:

Punkt 3.7.4 i gjeldande plan.

Punkt om rettleiande reaksjonsmønster. Reaksjonane er lovfesta, og det er lite rom for å

fråvike dei. Nytt punkt 22 i framlegg til plan.

Gjeldande delegeringsreglement for kommunen har ikkje med om delegering av kapittel 10 om inndraging av sals- og skjenkebevillingar. Administrasjon arbeider med reglementet og vil innlemme dette der. Skjenkestadane skal kontrollerast etter gjeldande reglar i alkoholforskrifta. Ved lovbrøt skal det tildelast prikkar og dersom ein skjenkestad oppnår meir enn 12 prikkar over ein to-årsperiode skal bevillinga inndragast. I delegeringsreglementet bør tildeling av prikkar delegerast til kommunedirektøren.

Ansvar, delegering og rapportering:

Punkt 3.8.1 og 3.8.2 punkt D i gjeldande plan.

Mynde for delegering er fastsett i delegeringsreglementet. For å lage ein lettare oversiktleg alkoholpolitisk handlingsplan blir det lenka til delegeringsreglement og punkta om delegering stroke frå den alkoholpolitiske planen. Rutinar for rapportering til formannskap og kommunestyret bør takast inn i delegeringsreglementet til kommunen.

Retningslinjer for tildeling av ambulerande skjenkeløyve:

Vedlegg til gjeldande plan.

Kommunedirektøren ser ikkje behov for eigne retningslinjer særskilt for ein type skjenkeløyve. Retningslinjene for tildeling av ambulerande skjenkeløyve går ut. Det av teksten som er relevant blir fletta inn i den alkoholpolitisk planen. I desse retningslinjene i punkt 12 er det slått fast at det er kontrollutvalet i kommunen har ansvar for kontroll med dei ambulerande skjenkeløyva. Kommunedirektøren har også ansvaret. Kommunen kan sette eit tak på talet på ambulerande skjenkebevillingar. Kommunedirektøren ser ikkje at det er behov for det. Tidlegare gav kommunen ambulerande skjenkebevilling også til det som burde vore skjenkebevilling ved enkelthøve. Kommunen får ikkje mange søknadar om ambulerande skjenkebevilling.

Nytt punkt (5.1) om alkoholsal gruppe 1 i ubetente og delvis ubetente butikkar:

Etter kvar som teknologien opnar for nye løysingar er det butikkar som vil ta i bruk innretningar utvikla med tanke på at butikkar kan halde ope utan at det er tilsette til stades til ei kvar tid. Butikkeigar og butikk-kjedene meiner slik løysingar stettar kravet til kontrollen som lovverket set til alkoholsalet. Sal av alkoholhaldig drikk frå ubetent butikk vil være ei salsform som etter Helsedirektoratets vurdering krev ei endring i regelverket. Giske kommunestyre har alt opna for sals-løyve i ubetente butikkar.

Nytt punkt (5.1) om nettsal av alkoholhaldig drikk gruppe 1:

Nokre kommunar har opna for å gi salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, andre har ikkje tillate slikt sal. Omfanget av dette i kommunen er truleg ikkje omfattande. Det skal betalast gebyr for salsløyve og om omsetjinga ikkje er stor nok er ikkje dette lukrativt. Siste fireårsperiode er det eit firma frå ei anna kommune som har salsløyve for i Giske kommune. Desse har ikkje søkt om forlenga salsløyve. Det er kommunane som gir løyve som har ansvaret med kontroll av salet. I slike tilfelle kan kontroll av utlevering av sending bli krevjande. Nokre kommunar har gitt salsløyve dersom alkoholen blir utlevert i butikkar som har salsbevilling. Kommunaldirektøren kan ikkje sjå at dei tilsette i butikken skal effektivt klare å kontrollere anna enn eige sal.

Minsteløn:

Giske kommune har mottatt e-post 10.11.2023 frå LO Møre og Romsdal med oppfordring

om å sette vilkår om at tilsette i overnattings- serverings- og cateringverksemdar skal ha minstelønn.

Hovudformålet med alkohollova er å avgrense tilgjenge og skadeverknadane av alkoholhaldig drikk. Å stille vilkår om minstelønn oppfyller ikkje kravet saklegheit i høve til formålet. Dette kan difor ikkje regulerast i den alkoholpolitiske planen. Kommunen vil der det er naturleg bidra til at serveringsbransjen driv lovleg. Det er ingen grunn til å tru at vilkåra ved sals- og skjenkestadane i kommunen per i dag ikkje oppfyller desse vilkåra.

Kommunen må også ha klart for seg at vilkår som blir regulert i den alkoholpolitisk planen, må kommunen vere klare til å kunne handtere. Minstelønn er regulert i arbeidsmiljølova. Dette med meir er det Arbeidstilsynet som har den beste kompetansen til å handtere.

Sosialetaten:

Før det blir gitt sals- skjenkebevillingar skal det innhentast fråsegn frå mellom anna sosialetaten, jf. alkohollova [§ 1-7](#). Dette har synt seg vanskeleg, ikkje berre i Giske kommune, men i dei fleste kommunane. Det blir vurdert det slik at lovverket ikkje lenger er i samsvar med dei endringane som har vore kommunesektoren. Nav har oppgåvene til sosialetaten, tidlegare hadde dei ansvar for arbeidet på rus-feltet. Leiar i NAV Giske har konferert med Statsforvaltaren og konkludert med at etaten ikkje har føresetnadar for å gjere vandelsvurderingar. Enkelte kommunar innhentar fråsegn frå ruskonsulent, kommunelege, SLT-koordinator eller NAV. Uansett, desse har teieplikt når det gjeld vandel for enkeltpersonar, men kan kanskje gi fråsegn når det gjeld lokalisering, og om det er tilrådeleg, å etablere av nye sals- eller skjenkebevillingar.

Betaling for kunnskapsprøver:

Kommunen arrangere kunnskapsprøver som er obligatorisk for sals- og skjenkestyrarane og varaene for desse. Kommunen kan forskotskrevje gebyr, som for tida er kr 400 per avlagt prøve eller forsøk på prøve, jf. alkoholforskrifta [§ 5-6](#). Saksbehandlar legg til rette for prøva og kommunen betalar ein liten sum til leverandøren av systemet. Påmeldinga bør vere bindande og gebyret blir ikkje refundert om ein melder seg av eller ikkje møter til prøve. Det skal bli laga digitalt påmeldingsskjema.

Ny periode med sals- og skjenkeløyve utan ny søknadsrunde for sals- og skjenkestadar:

Dersom kommunen etter kommunevalet har tatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken, inkludert vurdert bevillingspolitikken kan kommunen avgjere at bevillingar kan gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre har tiltredd. Kommunen kan avgjere at ingen bevillingar skal avsluttast eller fastsette nærmare retningslinjer for kva for bevillingar det må søkjast om fornying for. Kommunen leggje vekt på dei same forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. I staden for krav om fornying kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillingar i same utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3. Kommunedirektøren tilrår at Giske kommune innfører automatisk fornying av sals- og skjenkebevillingar over i neste periode. Det må lagast rutinar for slik fornying.

Heimelsgrunnlaget:

[Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholloven\) – Lovdata](#)

[Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) – Lovdata](#)

[Lov om serveringsvirksomhet \(serveringsloven\) - Lovdata](#)

Vurdering:

Framlegget til alkoholpolitisk handlingsplan kan leggst ut på høyring. Det blir fremja sak om godkjenning av ny plan på første kommunestyremøte hausthalvåret 2024 etter at planen er behandla i relevante råd og utval.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Driftsmessige konsekvensar, t.d. personal:

Ingen.

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL
	GOD HELSE
	LIKESTILLING
	ARBEID OG ØKONOMISK VEKST
	INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR
	MINDRE ULIKSKAP
	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN
	ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Den alkoholpolitiske handlingsplanen er utforma på grunnlag av gjeldande lover og forskrifter og gir dei alkoholpolitiske føringane som kommunen ønskjer på området. Kommunedirektøren meiner den kommunale planen slik forslaget ligg, vil legge tiltrette for ein god og samlande alkoholpolitikk.

